Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44. Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bö.

Emne: Veving Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Sivertsen, Gard: Steine

(adresse): Bö i Vesterålen. G.nr. 17. Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1.

Til mannsklær bruktes vadmel. Plaggan som bruktes var dress, samtlig bukser, vest og tröye. Vadmelet blei vevd av ullgarn både til innslett og renning. Til skjörte bruktes bomull-renning og islett. Dette var forskjellig farget og vevdes i striper.

Sp. 2. Kvindeklærne var skjörte, live og kåpe. Til kjöler eller skjört og liv bruktes stoff i forskjellig farge. Renninga var av bomullgarn men isletten var av ullgarn til vinterbruk. Men til liv som bruktes i den varme tida var isletten bomullgarn. Til kåper eller halvside jakker var det ullstoff som bruktes.

3a. Undertöi for menn var skjörte og bukser som vevdes av kvit eller grå eintråa ullgarn. Renninga var kvit bomullgarn.

b. Kvinnene brukte ullserk, linnet, bukse og ~~skjørt~~ underskjørt ullserk. Ullserk og

9281

underskjört var vevd likt med mannens undertöi. Linnet og bukser var av bomullgarn både i renning og innslitt. Allt dette töi var to-skaftvevd.

Sp. 4. Har ikkje kjennskap til det.

Sp. 5. Laken og putevar var vevd som vanlig lerretsveev. Istaden-for laken bruktes ullteppe, vevd av ein-tråå ullgarn og bomullrenning. Dette blei og sydd saman til dyne-treksler.

Sp. 7. Handklær var vel mest venn-lerret som var brukt, men og litt dreielsveving.

Sp. 8. Aklær bruktes svert lite, og var ikkje almindelig veving blandt folket her.

Teppetrekk blei vevd av bomull-renning og ullislet. Almindelig vendtöi men enkelte vevde „bottenvend" som dei sa her. Då blei det rett og rang på töiet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING